



Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Saksbehandlar, innvalstelefon
Tor G. Turøy, 55 57 22 22

Påminning om rekneskap og revisjonsrapport for det statlege tilskotet til stillingar i barnevernet

Vi viser til Fylkesmannen i Hordaland sitt brev datert 9. mai 2018, der Meland kommune vart tildelt 1 317 625 kroner i statleg tilskot, sjå vedlagde kopi. Meland kommune har med dette tilskotet disponert 1 470 875 kroner til å finansiere to stillingar i det kommunale barnevernet i 2018, når vi tek med dei 153 250 kronene som vart overførte frå 2017.

I tildelingsbrevet 9. mai 2018 står det at: «Meland kommune skal sende revisorattestert rekneskap for bruken av tilskotet for 2018 til Fylkesmannen i Hordaland (Vestland) innan 31. mars 2019. Kopi av tildelingsbrevet skal leggjast fram for revisor i lag med rekneskapen. Dersom rekneskap og revisorattestert ikkje vert leverte, kan tilskotet krevjast tilbakebetalt.»

Vidare viser vi til vår påminning i e-post 25. mars i år. I sitt svar same dag skriv Meland kommune at meldinga frå Fylkesmannen er sendt vidare til Radøy kommune, som er vertskommune for det nye interkommunale barnevernsamarbeidet mellom Lindås, Meland og Radøy.

Vi kan framleis ikkje sjå at vi har mottatt revisorattest og rekneskap for bruken av dei 1 470 875 kronene som Meland kommune disponerte i 2018, og vil difor be om å få dette tilsendt. Når vi har mottatt rekneskap og revisorattest for 2018, vil vi behandle tilskot for 2019.

De kan sende rekneskapen og revisjonsrapporten elektronisk til Fylkesmannen i Vestland på organisasjonsnummer: 974760665, eller per epost til: fmvlpost@fylkesmannen.no eller per brevpost til: Fylkesmannen i Vestland, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger. Dersom tilskotet for 2018 ikkje er brukt, må vi be dykk returnere tilskotet.

Vi ber om at svaret dykkar vert merkt med vårt saksnummer 2019/3648.

Med helsing

Øystein B. Jacobsen (e.f)
seksjonsleiar

Tor G. Turøy
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger